



ØyNytt

Nummer 2
April 2022
49. årgang

Informasjon for Hjelme og Blomvåg sokn



4 Bispevisitas



7 Årets konfirmantar

8 Øygarden ønskjer flyktningar frå Ukraina varmt velkomne

9 Parkering ved gravplassane i Blomvåg

11 Påskevandringar i Hjelme og Blomvåg

10 6. klasseleir med påsketema

Dag-Olav Bjørøy

Leiar i Øygarden kyrkjelege fellestråd



Tillit.

På søndagsskulen lærte vi at Gud ofra sonen sin for oss i påska. Det er ikkje feil – men korleis må dette ha sett ut for Jesus?

Vi må ha lov å kalle Jesus ein suksessrik forkynnar, menneskeleg sett. Han fekk folket med seg, han klarte å snu dei fellene som dei skriftlærde sette opp for han. Han dreiv ut vonde ånder, lækte og vekke opp menneske frå dei døde. Kunne noko i det heile stoppa han?

Så kom vi til skjærtorsdagskvelden og Jesus visste kva som venta han. Kvifor godtok mennesket Jesus det? Som sann Gud kunne han forstå det, men som sant menneske? Korleis kunne han, som sant menneske, gå inn i ein smertefull død utan å klage?

Dette må ha med tillit å gjere. Grenselaus tillit frå mennesket Jesus Kristus til Far hans i Himmelen.

Samfunnet vår er eit tillitssamfunn, fortel dei som forskar på slikt. Vi har tillit til dei som styrer oss, men ikkje grenselaus tillit. Få statsleiarar i verda (om nokon i det heile) har den typen tillit i folket sitt.

Kva er det som gjer at nokon får tillit? Er det talemåte? Elegant framtoning? Bølle oppførsel? Langvarig og nyttig arbeid for andre? Eller?

Ei undersøking frå Storbritannia viser at den yrkesgruppa med høgast tillit, er sjukepleiarane (93%). Liknande resultat finn vi frå andre land, også frå Norge. Men sjukepleiarane står ikkje fram som dei store talarane (eller bøllene), dei arbeider ganske stille for alle pasientane sitt beste. Dei viser omsorg og nestekjærleik i praksis, uavhengig av statusen til pasienten.

Etter triumftogget inn i Jerusalem brukte Jesus tida på å undervise folket og læresveinane. I Matteus 25, 31 og utover, står det eit avsnitt som vi kanskje skal lese om att no når vi møter den største humanitære krisa i Europa på mange, mange år. «...Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg.».

Jesus er tydeleg på kva han ventar av oss. Og vi kan ha grenselaus tillit til at han vil det beste for oss – og for medmenneska våre!

God påske!

Espen Tveten

Sokneprest



Ein Gud som lid med oss

Eg las nyleg om ei kvinne som kjende seg meir heime i Jesus som lid på krossen enn den Jesus som står opp frå grava. Alt det vonde og vanskelege ho hadde møtt i eige liv, og all uroa ho kjende for den sjuke sonen sin, gjorde at ho kjende seg nærast Jesu på krossplassen. Sidan ho ikkje hadde hatt så mange sterke gode kristne opplevingar, fann ho kvile hos ein annan som også lid, Jesus.

Eg tenkte på denne kvinna når eg no skulle skrive ein påskeandakt, samstundes som det er krig og flyktningar i alle nyhendekanalane. Klarer me å henta ut trøyst frå trua når det er så mykje mørkre?

Langfredag er dagen Jesus døyde og alt vart mørkt. Men Jesus let ikkje mørkret stogge seg og tok opp kampen mot mørkert si kraft. Han står der i lidinga og vik ikkje. Om vi kjenner at mørkret tar overhand, kan me få høyra at Jesus er Herre også i mørkret.

Det var ikkje urettferdig at Jesus måtte dø. Ikkje fordi han sjølv fortente det, men det var ikkje urettferdig at verda si synd og vondskap skulle sonast. All verda si urettferd er meir enn nok til å dekke ein heilt kross. Det ville vera umoralsk om Gud med eit pennestrøk skulle tilgi alt. Gud står opp for livet og krev oss menneske til ansvar. Det gjeld brot mot oss og det gjeld brotsverk mot folket i Ukraina.

Me kunne ikkje sona sjølv. Difor gjeng Jesus inn og sonar det som må sonast på krossen.

Eg likar at påska fell på våren. Opp frå alt det mørke spirar det liv når vårsola får varma. Johannes skriv «Fell ikkje kveitekorntet i jorda og døyr, blir det verande berre eitt korn. Men døyr det, gjev det stor grøde». (Joh 12, 24). Noko må først døyr for at det skal verta liv. Jesus døyde i grava,

men inga kraft i verda kunne halda han der. Han står opp og me får dra nytte av frukta. Jesus hjelper oss der ingen andre kan. Slik Gud ein dag rørte ved Jesus og løfta han opp frå døden, slik er vårt håp at han ein dag skal røra ved oss. På grunn av Jesu oppstode frå dei døde, vart me deleigarar i livet som strekk seg inn i himmelen.

Kjenner du deg mest att i langfredagen eller første påskedag? Påska er uansett for deg! Og lat oss hugsa på alle som lid i mørkret.

Heilage, treeinige Gud, du som er kjelda til visdomen, freden og kjærleiken!

Saman med kyrkjer i heile verda kjem vi til deg og ber: verna folket i Ukraina!

Kom med di trøyst til alle dei som er redde og som er i dei krigs- og konfliktramme områda. La dei erfare din kjærleik og fred, og gjennom det finne mot til gode gjerningar.

Til deg kjem vi med vår uro og ber om fred i Europa og verda. Gi leiarane i verda visdom, mot og handlekraft til å avslutte krigshandlingane, redde menneskeliv og finne fredelige løysningar.

Jesus Kristus, du som er lys for verda, kom med din fred! Amen.



<p>ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Hjelme og Blomvåg sokn.</p> <p>Det er også mange abonnentar utanfor soknet.</p> <p>Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.</p> <p>Neste ØyNytt kjem ut:</p> <p>10. juni</p> <p>Redaksjonen vert avslutta to veker før.</p>	 <p>ØyNytt</p> <p>– kyrkjeblad for Hjelme og Blomvåg sokn</p> <p>Utgjevar: Hjelme og Blomvåg sokneråd</p> <p>Ansvarleg redaktør: Annlaug Børve</p> <p>Redaktør og grafisk produksjon: Yngvild Mørner Sørheim</p> <p>Trykk: Molvik Grafisk AS</p> <p>Kontingent: Kr 300 i Hjelme og Blomvåg sokn / kr 350 utanfor Hjelme og Blomvåg sokn</p> <p>Takkeannonsar: Kr 100</p> <p>Annonsar: Kontakt redaksjonen: ys487@kyrkja.no</p> <p>Bankkontonummer: 1503.84.37590 for kontingenter og gåver</p> <p>Opplag: 2600 pr. nummer. 5 nummer i året.</p>	<p> DEN NORSKE KYRKJA Øygarden kyrkjelege fellestråd</p> <p>Telefon: 400 03 316</p> <p>E-post: post.oygarden@kyrkja.no</p> <p>Besøksadresse: Øygarden kyrkjekontor, Temahuset på Straume</p> <p>Postadresse: Tytebærbrekko 2, 5353 Straume</p> <p>Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på: www.kyrkja.no/oygarden</p> <p>Facebook:  HjelmeogBlomvagSokn</p> <p>Soknepresten i Hjelme og Blomvåg: Espen Sigve Tveten</p> <p>E-post: et838@kyrkja.no</p> <p>Telefon: 91 61 78 00</p> <p>Leiar i soknerådet: Erling Vik</p> <p>E-post: erl-vik@online.no</p> <p>Kyrkjevevjerje: Annlaug Børve</p> <p>E-post: ab766@kyrkja.no</p> <p>Telefon: 473 04 530</p> <p>Org. nr. Øygarden kyrkjelege fellestråd: 976 995 430</p> <p>Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps</p>
---	--	---

Bispevisitas

Kva synest biskopen om plastiske operasjonar og tatoveringar, kva gjer biskopen om barnet hans konverterer til ein annan religion, skal alle delar av Bibelen tolkast bokstaveleg, er det gøy å vera biskop? Dette var nokre av spørsmåla biskopen fekk av 10. klasse da han vitja soknet i slutten av mars.

Tekst og foto: Espen Tveten

Foto visitasgudsteneste: Torgeir Sandøy Johannesen



27. mars var det visitasgudsteneste i Hjelme kyrkje, her frå inngangsprosjonen.

24.-27. mars var det bispevisitas i Hjelme og Blomvåg sokn. Då fekk biskop Halvor Nordhaug mellom anna møta ungdomsskuleelevane som hadde førebudd seg godt på å stille han spørsmål om alt mellom himmel og jord. Biskopen hadde ikkje sett spørsmåla på førehand, men tok dei på strak arm.

Det er 16 år sidan førre visitas, så dette var ei stor hending. Heilt frå den fyrste kyrkja har det vore biskopar med ansvar for å sjå til at evangeliet

vert forkynt på ein god og rett måte. Biskopen seier at kyrkjelyden kan sjå på ein visitas som eit familiebesøk. Vi er del av ein større familie som består av fellesskapet med kyrkjelydar i Bjørgvin bispedømme og med kristne i den verdsvide kyrkja. I løpet av visitasveka hadde han som mål å sjå kyrkjelyden, oppmuntra og koma med konstruktive forslag for vegen vidare.

Biskopen har fått møta lokalsamfunnet i heile si breidde. I møtet med kommunen med ordføraren og

kommuneleiinga kom det fram gode betraktningar om samarbeidet med kyrkja. Kyrkja hadde innspel som mellom anna gjekk på behov for ny kyrkje på Rong, flyktingane frå Ukraina og auka satsing på diakoni og diakonitilsette.

Visitasfølgjet drog på besøk på Dale Oen Experience. Der er målet at ungdom skal oppleve meistring i andre omgivnader enn den tradisjonelle skulen. Me fekk høyra sterke fortellingar frå elevane om kva eit slikt

opplegg kan bety for den einkilde. På Øygarden ungdomskule fekk me møte rektor og lærarar. Dette var også interessant og viktig.

Blomvåg skule vart invitert til gudsteneste. Skulen hadde førebudd seg på imponerende vis. Det var flotte musikalske innslag og skuleborna song så taket nesten løfta seg. Mot slutten av gudstenesta gjekk biskopen ned i midtgangen og snakka med borna både om Jesus og livet som biskop. På Tednebakane omsorgsenter heldt biskopen andakt for dei eldre før leinga ved senteret inviterte til lunsj.

Leirarbeidet i kyrkjelyden er stort. Skjergardsheimen var ein sjølvsgatt stopp på denne visitasen og biskopen vart imponert då han høyrde at opp mot 70% av alle born i nokre årskull kjem på kyrkja sine leirar.

Det er umogeleg å vise fram kyrkjelydsarbeidet i si fulle breidde. Men bredde vart det på fellesskapskvelden og på gudstenesta som avrunda visitasen. Biskopen gav uttrykk for at det var spesielt fint å møte ein så god fellesskap med fleire generasjonar til stades, både barn, unge, foreldre, besteforeldre og oldeforeldre. Gospelteens song ved begge anledningar.

Ei spanande og utfordrande veke vart avslutta med at biskopen gav kyrkjelyden følgjande utfordringar:

- Gå til gudsteneste regelmessig i begge kyrkjer, både for dykkar eiga skuld og for å gje Guds ære
- Prøv å lage gospelgudstenester der dei unge kan verta involverte
- Prøv å få i stand kurs og undervising for vaksne, gjerne i samspel med andre kyrkjelydar, organisasjonane og bibelgruppene.
- De må auke gjevartenesta med eit fokus på diakoni og barn og unge
- Arbeid for eit nytt kyrkjebygg på Rong
- Hald fram med alt det gode arbeidet de gjer! Det er imponerende.



10. klasse har utspørring av biskopen.



Soknerådsleiaren i prat med biskopen.



Fellesråd, sokneråd og stab i møte med biskopen i Blomvåg kyrkje.



Gospelteens song på fellesskapskvelden i Hjelme kyrkje.



Barn i kyrkjelyden var forsangarar til fellessong under visitasgudstenesta..



Prostiprest Knut Kaldestad, sokneprest Espen Tveten og biskop Halvor Nordhaug.



Ordførar Tom Georg Indrevik kom med ei helsing etter gudstenesta.



Forsangarar song under skulegudstenesta i Blomvåg kyrkje. Foto: Maria Haugland



Deltakarane på møtet med kommunen samla utanfor Blomvåg kyrkje. Framme frå venstre; sokneprest Hjelme og Blomvåg Espen Tveten, kyrkjevevjerje Annlaug Børve, seksjonsleiar for diakoni Astrid Fylling, varaordførar Torill Selsvold Nyborg, biskop Halvor Nordhaug, ordførar Tom Georg Indrevik og kommunedirektør Johnny Breivik. Bak frå venstre; prost i Vesthordland prosti Jan Tommy Fosse, rådgjevar for undervising hjå biskopen Torfinn Wang, leiar kyrkjeleg fellesråd Dag-Olav Bjørøy, leiar soknerådet Hjelme og Blomvåg Erling Vik og seksjonsleiar kyrkjemusikk Øystein Steinsland. Foto: Vigeik Brekke

Konfirmantar 2022

Hjelme kyrkje laurdag 30. april kl. 11.00

Nicholas Sævdal Hellesund
Jenny Buck
Ole Gunnar Austrheim Higræff
Sander Nickolai Bakke
Josefine Knappen Svellingen
Emma-Michelle Kvarme

Blomvåg kyrkje laurdag 7. mai kl. 10.30

Anna Marit Dale
Thomas Halstensen
Julian Vatnvåg-Fjeldstad
Elida Dale Hellesund
Daniel Sætre
Oda Halland Vatland
Thomas Melås Hellesøy
Aron Haugetun
Adrian Knarvik Sande
Mikael Andersen
Julie Cathrine Lape Hellesund
Matheo Knarvik Fjeldstad
Jonas Hitsøy
Ask Ottesen Stølsnes

Blomvåg kyrkje laurdag 7. mai kl. 13.00

Emil Elvestad
Anna Kårbø Rong
Håvard Vik
Jesper Sjøvold Fjeldstad
Philip Arild Sæther
Øyvind Herdlevær
Trym Myhr
Elias Steen Dale
Fredrik Martin Oen Hellesund



Blomvåg kyrkje søndag 8. mai kl. 10.30

Johanne Vik
Marcel Sørensen Lokøy
Ingrid Øyre Vik
Tomine Måge
Marius Ledang Helle
Emilie Torsvik Hellesund
Kamilla Eide
Marthe Halvorsen Turøy
Hanna Solsvik
Ingrid Johanne Holmen
Trygve Haugetun
Thea Fløisand-Hansen
Nora Alfstad

Blomvåg kyrkje søndag 8. mai kl. 13.00

Marcus Garvik-Andersen
Adrian Rong Vetås
Leander Vatnvåg Hennø
Robin Diego Nautnes
Emil Drange Torsvik
Amalie Dyrøy Steffensen
Kim Robin Langhelle Fure
Frøya Therese Langhelle Fure

Dette skjer

LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

22.-24. april: Ungdomsleir (8.-10. klasse)
15. oktober: 1. klasse leirdag
16. oktober: 2. klasse leirdag
29.-30. oktober: 3. klasseleir
2.-4. desember: 4. klasseleir

REFUEL

8. april
22. april
6. mai
20. mai
27.-29. mai: Refuel Weekend
10. juni

Stad: Rong senter
Tid: 19.30–22.30

KRIK

29. april
13. mai
3. juni

Stad: Hjeltefjorden arena
Tid: 19.30–21.30

GOSPEL TEENS

26. april
10. mai
24. mai
7. juni

Stad: Blomvåg kyrkje
Tid: 18-20

SMÅBARNSSONG

5. april
19. april
3. mai

Stad: Blomvåg kyrkje
Tid: 17.30

INFORMASJON

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om deltaking og innhald i opplegga. E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Frivillige

Me treng frivillige til t.d. leirane.
Ta kontakt om du vil delta frivillig.

Øygarden ønskjer flyktningar frå Ukraina varmt velkomne



Det er vanskeleg å ta inn over seg og forstå omfanget av lidningane det ukrainske folket no opplever. Folk i Øygarden ønskjer å hjelpe! Dette var tydeleg på samarbeidsmøte i regi av UDI, Hero Norge og Øygarden kommune på Straume 16. mars, der 20 ulike lag og organisasjonar møtte fram.

I Øygarden kommune er det oppretta eit akuttmottak for flyktningar på Nautnes, og kommunedirektøren har fått fullmakt til å busette 250 ukrainske flyktningar i kommunen. På akuttmottaket skal flyktningane vere så kort tid som mogeleg, før dei vert busett anten i Øygarden, eller andre stader i landet.

Dette betyr at flyktningane vil trenge hjelp både på kort og på lang sikt.

På kort sikt er det akuttmottaket på Nautnes som koordinerer behov og hjelp. Kyrkja har vore i kontakt med akuttmottaket, og har meldt at vi ønskjer å bidra.

Øygarden kommune har oppretta ei e-postadresse der ein kan melde seg dersom ein ønskjer å hjelpe: ukraina@oygarden.kommune.no. På Øygarden kommune si nettside finn ein også meir informasjon under enmeknaggen "Krigen i Ukraina".

På litt lenger sikt vil mange ukrainarar verte busett i våre nabolag. Dei treng omsorg, varme, fellesskap, aktivitetar og praktisk hjelp. Det kan vere utstyr, skyss til og frå butikk/helsesenter, det kan vere fadderfamiliar som kan opne heimen sin og ta dei med på ulike aktivitetar, invitasjon til bursdagsfeiringar og andre hendingar.

Vi vil også ønskje dei ukrainske flyktningane varmt velkomne til kyrkjene i Øygarden, til alle våre fellesskap og aktivitetar. Framover ønskjer vi at frivillige melder seg for å ta imot dei nye naboane som vil høyre til i våre fellesskap. Ta kontakt med diakon Astrid Fylling på e-postadresse af226@kyrkja.no dersom du ønskjer å bidra.

Annlaug Børve,
kyrkjeverje



Givarglede

Om lag 1300 sekkar med klede og om lag 50 kassar med mat og anna utstyr kunne køyrast ut frå Øygarden med kurs mot Polen. Ein annan sjåfør køyrer traileren vidare til Ukraina.

Den store givarglede bland folket i Øygarden fylte ein 100 kubikk stor trailer. På bilde ser ein Alfred Instefjord og Morten Sæle som laster opp traileren. Den som står ved Tjeldstø bedehus som vart brukt som mellomlager før klede og anna vart køyrt vidare til Ukraina.

Tekst og foto: Ottar Vik

DIAKONITUR

Vil du vere med oss på tur til Institutt for sjelesorg, Modum Bad 15.-19. august 2022?

Togreisa + opphaldet kostar kr. 7000.- pr. person.

Påmelding til Ellen Ebbesvik, ee465@kyrkja.no eller 924 42 881

Diakonane i Øygarden

Bønn for Ukraina og verdensfreden



Å Gud, du som skapte oss alle og ga oss et liv her på jord, hvordan vil du vise ditt nærvær når sorgen er grenseløst stor?

Hvordan vil du si oss at håpet har mening, slik noen har sagt, når lyset i verden har sloknet og dødskrefter viser sin makt?


Til hvem skal vi vende vår klage, til hvem skal vi gå i vår nød? Vi trenger ditt lysende nærvær i uro, i krig og i død!

Gud, finnes det tårer i himlen, der englene synger din pris, da kom med litt varme til jorden, når hjertene kjennes som is.

Å, kom når vi engstes og gråter og rør ved vår redsel, vårt savn! Fortell oss at alt det vi mistet, er gjemt i din nådige favn.

© Eyvind Skeie, 2022

Parkering ved gravplassane i Blomvåg



Parkering innanfor områda merka på kartet med raude rammer.

Skjermdump Google maps: ©2022 CNES / Airbus, Maxar Technologies, Kartdata ©2022

Kyrkjekontoret har fått henvendingar frå folk som bur nær gravplassane i Blomvåg. Dei opplever at besøkande ved gravplassane nokre gonger parkerer på gang- og sykkelvegen, ved muren og ved inngangspartiet ved den nyaste gravplassen i Blomvåg. Dette har skapt farlege situasjonar for gåande og syklende i området.

Området ved inngangspartiet til den nye gravplassen er tiltenkt bære-bilar, og skal ikkje brukast av andre andre bilar.

Vi oppmodar besøkande ved gravplassane til å parkere på parkeringsplassen ved kyrkja, eller på skilta parkeringsplass som vist på illustrasjonen over.

Annlaug Børve,
kyrkjeverje

Kontigent for ØyNytt

Den frivillige kontingenten for ØyNytt har vore uendra i svært lang tid. Samtidig har kostnadene med å produsere bladet auka, og redaksjonen set no opp den frivillige kontingenten til kr 300 pr. år innan soknet og kr 350 utanfor soknet. Vi vonar lesarane våre har glede av ØyNytt, og at mange vil bidra til bladet ved å betale kontingenten.

For å gjere det enklare å gje har vi oppretta eit felles Vippsnummer for alle kyrkjeblada i Øygarden: 736342. Ein kan også scanne QR-koden som vil ta deg direkte til Vippsida til kyrkjeblada. Eller ein kan gje til bankkonto: 1503.84.37590.

Takk til alle som bidrar!
-Redaksjonen





Ny rektor

Andreas Evensen (37) er tilsett som rektor på Bildøy bibelskule. Evensen bur i Knappen på Toftøy i Øygarden. Skulen som indremisjonen driv har om lag 120 elevar.

HOGNE HAR ORDET

Hogne Berland

Kyrkjelydspedagog



Det er alltid verdt å tenke på det som skjedde i påska i Jerusalem for snart 2000 år sidan. At Jesus døyr og blir sett levande den tredje dagen har eg høyrte mange gonger, men eg blir aldri heilt ferdig med å gruble på det.

David André Østby har skrivne mange lovsongar på norsk og for nokre år sidan skreiv han påskesongen «Graven er tom». Det tredje verset startar slik: «Se, han som døde, han lever». Det er ei rar setning, når eg tenker på det. Men i denne sjølvmotseiande setninga får vi med oss høgdepunktet frå 1. påskedag. Logisk sett, så går det ikkje an å døye og leve likevel. Men denne dagen var ikkje som andre dagar. Når Gud er på ferde vert det umoglege mogleg.


Og dette gjev håp for oss alle. Vi les det kvar gong i kyrkja når vi minnst dei som er døde: «Jesus seier: Den som trur på meg, skal leva om han så døyr!». At Jesus stod opp 1. påskedag, var ikkje eit eingongstilfelle. Døden har ikkje lenger siste ordet.

«Graven er tom,
Jesus lever nå,
i ære og i makt.
Evig – døden er ham underlagt!»

'Graven er tom' av David André Østby

6. klasseleir med påsketema

18.-20. mars var 6. klasse invitert til leir på Skjergardsheimen. Sidan det nærma seg påske, så var temaet opplagt. Deltakarane fekk besøk av personar frå bibelforteljingane gjennom den spesiellaga tidsmaskina. Her kjem litt bilder og teikningar frå helga!



Klarar du å løyse ØyNytt sin påskerebus? Send inn riktig svar til: 908 09 844, saman med fullt namn og adresse. Du er då med i trekninga av ei påskeskorg fylt med mykje godt!

6. klasseleir-teikning av Gina Solsvik Blom

6. klasseleir-teikning av Andrea Dale



Påskevandringar i Hjelme og Blomvåg

Denne påska heng me opp kunstplakater i både Hjelme og Blomvåg kyrkje. Plakatane vil hengja utandørs og er tilgjengelege til veka etter påske. I Hjelme inneheld kvar plakat ein håpstekst med bilete. I Blomvåg er temaet «Via dolorosa» som er vegen Jesus måtte gå då han bar krossen til Golgata.

Ei slik utandørs vandring kan vere eit supplement til påsegudstenestene. Det er også mange som vitjar gravplassane no på våren. Tanken er at folk kan vandre roleg frå stasjon til stasjon, sjå på bileta og lese tekstane – anten åleine eller i lag med nokon andre.



• Snitter
 • Varmmat
 • Baguetter

• Koldtbord
 • Koldtallerken

Rong Catering a/s
Tlf. 9185 6258

Vi formidler blomster til innland og utland



Blomsterbua
 Rong senter
 Telefon: 56 38 92 65
 Postboks 107, 5331 Rong

Sotra Omegn
 BEGRAVELSESBYRÅ
 - En del av Koba Christensen gruppen
 Ditt begravesbyrå på Sotra.
 Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.
 Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden
 TLF 56 32 08 90 hele døgnet
 Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)

Bergen Omegn
 BEGRAVELSEHJELP
 POLDEN
 - vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv






 Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
 www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
 Teatergt. 20
 5010 Bergen
 Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
 2.etg på Shellstasjonen
 Sartor, 5353 Straume
 Tlf: 55 21 44 50



Din lokale elektriker!

Thunestvedt
 Vestgar
 Møllestykket 21
 5360 Kolltveit
 Tlf. 400 30 210
 vestgarelektro.no
 vestgar@thunestvedt.no

Fag Revisjon as
 Revisjon & regnskap
 Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,
 eller se mer informasjon på www.fagrevisjon.no
 Fag Revisjon AS, Bolgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no

Torsvik ELEKTRO
 Installasjon industri, bolig
 Data- og telenett
 Alarmanlegg
 Antenne/parabollegg
 Elektroverksted
 Elektrisk forretning
 Tlf. 56 38 50 00
 Vakttelefon: 922 34 062
 www.torsteinsvik.no




- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass

BLOM
SERVICESENTER AS
 5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
 Godkjent bilverksted





 - ei rein og skjær handleglede ved havgapet!
Ferskvarespesialisten
 Velsmakende varmmat
 Fristende frukt og grønt
 Nydelige nystekte bakervarer
 Måndag - fredag 7-22 laurdag 9-20
 posten trumf Bank i butikk SPAR Rong tlf. 56 38 71 40




Godfoten
 FOTTERAPI
 Velkommen til oss på Rong senter
 Timebestilling på mob nr 94023865
 Eller på www.godfoten-as.no
 Vi har gavekort!

Kjøp kjapt,
 trygt
 og billig

KIWI mini pris

Ved Rong senter
 Tlf. 56 38 71 20
 Mandag - lørdag
 kl. 07.00-23.00



 Telefon: 56 38 28 00 - Pålset 2, 5337 Rong
 e-post: ta@norgeshus.no
 www.norgeshusoygarden.no

Montér
 Øygarden Byggsenter AS
 Pålset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: post@oybygg.no
 Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00,
 lørd 09.00-14.00



Åsane Begravelsesbyrå AS
 v/Johannes Blom
 Vi står til teneste med alt vedr. gravferd
 Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
 Døgnvakt tlf.: 5518 9000



 Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!
 Vi forhandler også solariumskrem og -briller
B-P-S Solutleige
 v/Arvid Rong 5337 Rong
 Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22
 Mobil: 918 56 258

Øygarden elektriske as
 Tlf.: 56 38 24 40
 Fax: 56 38 24 41
 Mobil: 928 41 790
 E-mail: post@oygarden-elektriske.no



SOLSTRANDS BEGRAVELSESBYRÅ
 Vårt avdelingskontor på Sotra
 Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
 Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet
 www.solstrands.no
 Vår erfaring - din trygghet VIRKE GRAVFERD

Vest Modul AS
 5336 Tjeldstø

• Tilbygg N ormann 958 19 905
 • Nybygg I ngvard 958 10 967
 • Rehabilitering
 • Montering og utleige av brakker Trelastlager Tjeldstø







TORSVIK MUR
 Alt i mur, puss og flisearbeid
 Rehabilitering/fornyng av gamle skorsteiner/pipe
 Vidar Vik Torsvik
 muremester
 Dalekletten 44
 5337 Rong Telefon: 91 16 83 75 E-post: vidart1962@gmail.com



Har dere rom for en til i familien? Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Det er mange trygge, gode familier med stor evne til omsorg i Bergensområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet? Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom?

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på

fosterhjem.no

Illustrasjon: foto

Velkommen til GUDSTENESTE!

PALMESØNDAG 10. APRIL

Gudsteneste kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje ved Jan Tommy Fosse. Offer til Misjonsprosjektet i Thailand. Dåp. Nattverd.

SKJÆRTORSDAG 14. APRIL

Gudsteneste kl. 19.00 i Blomvåg kyrkje ved Knut Kaldestad. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd.

LANGFREDAG 15. APRIL

Gudsteneste kl. 11.00 i Hjelme kyrkje ved Knut Kaldestad. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

PÅSKEDAG 17. APRIL

Høgtidsgudsteneste kl. 11.00 i Hjelme kyrkje ved Knut Kaldestad. Offer til Den norske kirkes misjon. Nattverd.

2. PÅSKEDAG 18. APRIL

Viser til gudsteneste på Fjell festning kl. 12.00 ved Morten Torsvik.

SØNDAG 24. APRIL

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Offer til KRIK. Dåp. Nattverd.

LAURDAG 30. APRIL

Konfirmasjonsgudsteneste kl. 11.00 i Hjelme kyrkje ved Espen Tveten. Offer til Skjergardsheimen

SØNDAG 1. MAI

Gudsteneste kl. 11.00 i Hjelme kyrkje ved Jan Tommy Fosse. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd

LAURDAG 7. MAI

Konfirmasjonsgudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 10.30 og kl. 13.00 ved Espen Tveten. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

SØNDAG 8. MAI

Konfirmasjonsgudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 10.30 og kl. 13.00 ved Espen Tveten. Offer til Skjergardsheimen.

SØNDAG 15. MAI

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00. Offer til Menneskeverd. Nattverd.

17. MAI

Gudsteneste i Hjelme gamle kyrkje kl. 10.00 ved Espen Tveten. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.30 ved Espen Tveten. Offer til kyrkjelydsarbeidet/korps.

SØNDAG 22. MAI

Sprell levande gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Utdeling av bok til 4-åringar. Offer til Tro og Media. Dåp.

KRISTI HIMMELFARTSDAG 26. MAI

Gudsteneste på Vik bedehus kl. 11.00 ved Espen Tveten.

SØNDAG 29. MAI

KRIK-gudsteneste i Kulturhuset kl. 11.00 ved Espen Tveten. Avslutning på Refuel-weekend. Gospel teens deltek.

PINSEDAG 5. JUNI

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Offer til Åpne dører. Dåp. Nattverd.

2. PINSEDAG 6. JUNI

Friluftsgudsteneste i Pardalsmyra ved Stegeviksvatnet kl. 11.00 ved Espen Tveten.

SØNDAG 12. JUNI

Gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00 ved Espen Tveten. Jubileum for 50, 51 og 52-årskonfirmantar. Offer til Alpha Norge. Dåp. Nattverd.

SØNDAG 19. JUNI

Gudsteneste i Hjelme kyrkje kl. 11.00 ved Knut Kaldestad. Jubileum for 50-, 51- og 52-årskonfirmantar. Offer til Menneskeverd. Dåp. Nattverd.

Endringar kan komme. Følg med i Vestnytt og på nettsidene våre:

www.kyrkja.no/oxygen



LIVETS GANG

DØYPTE

Blomvåg

- Trygve Oen Rong, Rong
- Hermine Rong- Tynes, Rong
- Ola Heieren Haugetun, Bergen
- Lucas Amble Horsad, Vik
- Fillip Kristoffer Oen, Oen

Hjelme

- Olivia Breivik Solbakken-Larsen, Harkestad
- Thea Dale-Jørgenvik, Oen
- Millie Helen Sebak Haugetun, Tjeldstø
- Henrik Hjelme, Hjelme

DØDE

Blomvåg

- Arvid Johan Njåten, Flotevegen f. 1928
- Kristi Toftevang, Toft f. 1927
- Arthur Knarvik, Garnesvegen f. 1932
- Mons-Tore Nakken, Blomvåg f. 1958
- Johannes Olsen, Rong f. 1933
- Birthe Vik, Vik f. 1977

Hjelme

- Villy Dävøy, Tjeldstø f. 1935
- Odd Sverre Pahr, Bergen f. 1940
- Anders Malvin Alvheim, Alvheim f. 1957
- Reidar Paul Hatten, Kinsarvik f. 1936

Bibeltimar

Nautnes bedehus våren 2022

Torsdag 28. april kl 19.00
ved Karl Johan Halleråker


Torsdag 19. mai kl 19.00
ved Odd Sverre Hove

Du kan også lese om kyrkja si
verksemd på:
kyrkja.no/oygarden


**Distribusjon i
Hjelme og Blomvåg sokn:**
Hammer transport, tlf. 920 98 600

**Distribusjon utanfor
Hjelme og Blomvåg sokn:**
Posten Norge

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



**16.-18.
SEPT.
2022**



SONG- OG MUSIKKFESTIVAL

Øygardssong

Hjeltefjorden arena
Rong i Øygarden



Lisa Børud med band
Mikael Järlestrand
Leif Sigvald Skaug
Gospelkoret Redeemed

Gospel Teens
Lyskasteren
Lovsangsteam
Husorkester

Arrangør:
INRI-kyrkja
Vik bedehus
Den norske kyrkja

Billetter på Checkin.no